

Konrad Brunstad (1910-2000)

Personen, filmen og løpet

Konrad var frå Mons-garden på Brunstad.

Alt frå ungdomsåra hadde han svært allsidige interesser, desse femna også om sport og idrott. På 30-talet hadde han fleire sentrale verv i idrottslaget. Mellom anna sat han som leiar i 1931, berre 21 år gamal. Han var kjend for å vere sær s handsterk og ein habil arbeidsmann som hadde trott.

Konrad sette alltid stor pris på naturen. Han fann stor rekreasjon av det å ferdast i skog og mark, både sommar og vinter, og han var ein aktiv og røynd jeger etter både fugl og vilt. Han var den første som tok til med hjortejakt på Brunstad. I mange år hadde han alle fellingsløyva åleine. I kombinasjon med desse interessene trena han seg opp til å bli ein god skyttar. Han trena ofte i lag med syskenborna Ole C. Brunstad og Kåre C. Brunstad som begge var gode konkurranseskyttarar. Konrad mangla heller ikkje konkurranseinstinkt. Under hjorteprøva skaut han ofte "fullt hus" på ståande, sjølv etter fylte 80 år.

Ved sida av garden dreiv Konrad i ei årrekkje møbelfabrikk og hadde inntil åtte tilsette. Han var òg vegarbeidar, handelsmann i Ålesund, bygde ut og dreiv campingplass og hogde ut skog og dreiv eige sagbruk i over 40 år, for å nemne noko. Det harde fysiske arbeidet tok på helsa, og ettersom åra gjekk kjende han seg meir og meir sliten og heller ikkje heilt frisk.

Vendepunktet. Men i ein alder av oppmot 70 år starta han med regelmessig fysisk trening, først lettare. Dette vart eit vendepunkt for tilværet hans. Gradvis kom helsa og optimismen tilbake. Det vart etter kvart ca. 5 km løp, gjerne så ofte som annankvar dag og denne rytmen heldt han i mange år. Han gjennomførte gjerne turane i 4-5 tida om morgonen. Han følte at lufta då var friskast og reinast.

Han må ha vore rundt 80 år då han på eitt år hadde 220 turar til Vallasætra der han skreiv seg inn i Trimgruppa si bok. Den rekorden trur eg står enno og tar ein i betraktning alderen, kan den bli ståande ei lang stund. Han var slett ikkje "umaklaus". I påska kunne han gå til fots frå Brunstad til Fjellsetra og attende og bere skiutstyret. I det daglege ville han ofte springe framfor å gå eller køyre. Sjølv i eldre år var han å finne på Dalemyra i samband med prøver til idrottsmerket.

KONRADFILMEN

Lange løp. Idéen om å lage ein film om Konrad hadde eg hatt i mange år. Her måtte det vere eit vell av stoff å ta av. Alt Konrad hadde drive med og opplevd gjennom eit langt liv ville gi nok stoff til fleire lange spelefilmar!

Eg visste frå før at Konrad likte å vere med på film. Vi hadde tidlegare iscenesett ei hjortejakt der Konrad i den grad gjekk opp i rolla som jeger, at han avfyrte skarpt skot mot eit utstoppa hjortehovud vi hadde hengt opp i furuskogen.

Då Konrad i ein alder av 88 planla å vere med på endå ein halvmaraton, bestemte eg meg for å filme løpet hans som starta i Brusdalen og enda under stor applaus på torget i Ålesund. Det var ei spesiell oppleving å fylgje Konrad som i fin stil "slukte" kilometer etter kilometer

saman med løparar som i gjennomsnitt måtte vere minst 40 år yngre enn han. Dette måtte bli ein viktig del av ein film om Konrad.

Men eg visste at det låg ei lang og målbevisst førebuing til desse maratonløpa. Nesten dagleg var Konrad ute på ein treningsrunde. Som oftast sprang han fram gjennom brunstadgardane til Hole og så nedatt hovudvegen. Sommarhalvåret vart det hyppige joggeturar til Vellesetra. I tillegg kunne han ha unnagjort både ein og to fjellturar på søndag før folk flest var oppe. Eg bestemte meg for å filme ein vallasetertur, og var glad for at MRF hadde starta med nattferjer, for Konrad tok laust presis klokka 5 om morgonen.

Sprint og svensketak. ”Veit du ka dei spreng 100 meter på no”, spurde Konrad ein søndag eg var på besøk. Etter kvart forstod eg at Konrad ei tid hadde trena på spurt for å oppå betre tid på 100-meter, i ein alder av 88!

Eg stilte opp med kamera ein dag, og då viste det seg at Konrad nøyaktig hadde målt opp 100 meter, frå huset uti Klaus til løa i Mons-garden. På klar-ferdig-gå spurta han framover vegen og kasta seg over målstreken. Han hadde tangert sin tidlegare rekord, og var tydeleg stolt av det.

Konrad hadde ikkje berre krefter i beina, også muskulaturen i armane var sterk og seig etter alle tunge løft: ”Ej trur ej ska’ slå over 50 prosent ta vaksne kara i svensketak”, påstod han. Og dermed måtte eg stille opp – og han slo meg!

Konrad likte seg i vedaskogen vinterstid. Han hadde ein teig med tjukk bjørkeskog, og då eg kom for å filme, fann eg han i djup snø ca. 100 meter oppe i skogteigen. Kvifor han ikkje tok dei bjørkene som stod nærast vegen, ville eg vite. Nei, dei trea som stod nærast vegen, skulle dei andre få ta, så vart det ikkje så slitsomt for dei!

Tankevekkande budskap. Det som likevel mest gjer filmen til ein tankevekkar, er dei refleksjonane og den budskapen Konrad kjem med under intervjuet. Det han seier, bør vere ein tankevekkar, og hans teori og praksis går hand i hand.

Det er ikkje for seint å bygge opp helsa sjølv om du er komen godt oppi åra. Han sjølv var totalt utsliten ved pensjonsalderen, men etter gradvis trening gjennom 10 år, kunne han stå på for fullt då han var 77!

Konrad vart brått kreftsjuk då han var 89. Sine siste dagar var han på sjukeheimen i Sykkylven. Heilt til det siste kom han med sine teoriar om korleis helsa kunne styrkast. To gonger viste eg han Konrad-filmen. Eg gløymer ikkje det fornøgde smilet hans!

Eg viste også filmen i gravferda til Konrad, og er glad for dei mange positive tilbakemeldingane eg har fått. At filmen også blir spela i samband med Konrad-løpet, ser eg på som ei stor ære!!

Løpet.

Eige løp. Ei tid etter gravferda til Konrad kom eg i snakk med Ole Petter Berge, ein god kamerat heilt tilbake frå folkeskuledagane. Som granne hadde han vore i gravferda, og var tydeleg oppglødd av filmen Odd Kvammen der hadde vist. ”Konrad skulle eigentleg hatt sitt eige løp han”, sa Ole Petter til meg. Orda hans kverna rundt i hovudet mitt under fleire tidlege fjøsstell. Tankane mine gjekk tilbake til to episodar eg hadde opplevd siste tiåret – to hendingar der Konrad var involvert – hendingar som sat spikra.

Tidleg trening. Klokka er 04.50 den 16. november 1993. Eg køyrer sist i ei rekkje på tre bilar. Framfor meg ligg sjukebilen med Liv som passasjer og bilen til jordmor Aarsnes. Ein fødsel ventar. Det er Ellen Marie som vil ut i verda. Rett nedom Solberg på Brøvoll bremsar bilane framfor meg. Eg gjer like eins. Då ser eg ein mørkkledd mann som spring etter vegen i den svarte natta. Utan refleks. Eg køyrer så sakte at eg registrerer at eg kjenner mannen. Det er Konrad – 83 år gamle Konrad Brunstad.

Altså var det sant det folk sa. At Konrad trena når vi andre sov. Dette var fyrste – og einaste – gongen eg såg det med egne auge.

På Storhaugen. Ved den neste hendinga skal vi hoppe til månadsskiftet februar/mars i året 1998. Eg slit meg mot toppen av Storhaugen, høgste punktet av løypa, og der eg som Sunnmørsposten sin utsende reknar med å treffe slitne løparar i turlangrennet Fjellsæterrunden. Eg er ute i god tid, minst kvarteret før løparane er venta. Dagen er fin. Likevel er eg nesten åleine på haugen. Berre éin person er å sjå. Han ”heng” på stavane eit stykke unna. Eg går nærare og ser at eg kjenner mannen. Det er Konrad Brunstad som står der med solide treski av godt gammalt merke.

”Eg gjekk på føtene og bar skiene på skuldra inn til Lieskiftet. Derifrå gjekk eg på ski. Fyrst i laussnøen, seinare i løypa. Men spora i løypa var mykje smalare enn skiene mine så det var mest det same kvar eg gjekk”, var Konrad sin versjon av turen.

Etter ein relativt kort samtale ville Konrad sjå seg vidare. Planen var å gå rundt heile løypa før han tok på heimveg. Eg visste at farta ned frå Storhaugen kunne bli stor, så eg rådde han til å renne utanfor sporet. Han så gjorde, og sette uredd av garde på ein måte knapt nokon 88-åring ville gjort etter han. Eg fylgde han med augo. Det gjekk bra lenge, men i botn av bakken var farta blitt stor og han gjekk overende. Rolf Hjellegjerde som var komen til, var den som hjelpa han på beina. Dette var siste gongen eg såg Konrad på ski.

I Konrad si ånd. Til meir eg tenkte på desse to episodane, til sikrare vart eg på at vi i Velledalen IL burde realisere Ole Petter sine tankar. Så kom dagen saka skulle presenterast for Styret. Kan hende fleire var i tvil om leiaren deira no burde tvangsinnleggast, men der kom ingen motargument. Dermed vart det bestemt at:

Konradløpet, eit mosjonsløp på 4,5 kilometer der farta ikkje var viktig, skulle arrangerast 1.mai 2002 med start klokka 05.00. Det var brei semje om at dette måtte bli eit løp i Konrad si ånd, slik også løpet sin logo vart det kort tid seinare. Laga av Eldar Tandstad mot eit symbolsk honorar.

Panikken er nær. Vi snakka om det i Styret då løpet vart bestemt at eit deltakartal på 30-40 personar ville vere bra. Før vi samlast på stemnekontoret (gamle Margarinfabrikken) kvelden før løpet, var det Nils Terje Skylstad som førte påmeldingslistene. ”Nærmar seg 100 deltakarar”, var Nils si melding ved frammøtet. Då vi stengde for kvelden var talet kome opp i 160, og vi hadde for lengst sendt ein ordonans på bygda for å skaffe fleire startnummer.

Denne siste natta var det berre personar med stålnervar som sov skikkeleg. Berre spør Kristin Grebstad eller Sølvi Sæther som var to av dei som sat midt oppe i det. Heldigvis var dei fleste funksjonæranne på plass klokka 04.30 løpsdagen. Klokka 04.45 stod nye folk i kø for å melde seg på. Då starten gjekk klokka 05.06 var deltakartalet 195. Ikkje til å tru !

Sveitt frukost. Alt då var vi det største mosjonsløpet på indre Sunnmøre. At arrangementet på ingen måte var perfekt var det ingen som nemnde. Etter løpet låg sveittelukta som ein klam eim i nasa i same lokalet som vi serverte frukost. Men vi vart tilgitt både dette og meir til. Overalt såg ein berre morgonfriske kroppar og smilande ansikt. Dette hadde vore kjekt !

Vi stakkarane i Styret burde vel helst hatt krisehjelp der vi sat att, lettare sjokkskadde. Dette var skummelt. Og ikkje skjøna vi heilt kvifor det vart slik suksess heller. Men éin ting visste vi: neste gong skulle vi greie arrangementsjobben betre.

”Å du syn”. Og det gjorde vi, trass i at deltakartalet voks for kvart år. 243 deltok i 2003, 264 i 2004, 268 i 2005, fantastiske 350 i jubileumsåret 2006 (372 påmelde), og imponerande 422 (medrekna Minikonrad) i 2007. I 2006 var vi for fyrste gong større enn ”Jentebølgen” i Ålesund. Kven skulle tru at største mosjonsløpet på Sunnmøre dette året vart arrangert i grisgrendte Velledalen med start klokka 05.00 om morgonen..? ”Å du syn”, ville truleg Konrad ha sagt om han hadde sett oppslutninga om løpet sitt.

Etter seks år har det meste ”gått seg til”. No er det fast med aerobic-oppvarming frå ein traktortilhengar med Bjørg Frøystad Hole som kyndig instruktør, drikkestasjon i Holeøyane, diplom etter 1.gongs deltaking, sølvmedalje etter tre år, gullmedalje etter seks år og ei rad gåvepremiar trekte etter startnummer. No kan deltakarane dusje i Grendahuset, der det òg er frukostservering og filmframsyning. Tyngda av løparane hentar startnummer kvelden før, slik at starten utan vanskar har vore presis siste åra. Målgangen vert filma og dei hundre beste tidene som vert offentleggjorde blir rette. Alle over 90 år, og alle som har Konrad som dåpsnamn, har gratis deltaking. Sjølv om Konrad-namnet for tida er i ein djup bølgedal, vil det neppe forsvinne. Minna knytte til personen, filmen og løpet er ein trippelgarantist for at det ikkje skjer.

Nokre andre fakta om Konradløpet pr.1.januar 2008:

- **Løyperekord damer: Hilde Riksheim Tandstad 18.46 (2007)**
- **Løyperekord herrar: Nils Skylstad, Velledalen IL, 15.29 (2004)**
- **Eldste deltakar: Tomas Tandstad deltok i sitt 92.levår (2004)**
- **Ilyas Degirmenci vart deltakar nummer 1000 (2006)**
- **Konradløpet har kvart år samla fleire kvinner enn menn**
- **Internasjonal deltaking frå ti ulike nasjonar**
- **Løpet kårar kvart år årets ”Konrad-bedrift”. Pris som går på deltaking.**
- **Morten Holmberg har frå basen sin i Vik i Sogn vore ei viktig brikke i VIL-satsinga på Konradløpet.**

Kjetil Kvammen

Odd Kvammen

Atle Hole